

Notat: møte om nynorskens hus

Den 7. desember blei det gjennomført eit idémøte om moglegheitene for eit eige mediehus for Sogn og Fjordane, supplert med teateret og kanskje kommersielle krefter på sikt.

Møtet vart gjennomført på Quality hotell Sogndal og følgande personar var til stades:

Arve Sandal, prosjektleiar Nynorsk avissenter
 Rasmus Mø, styreleiar i Sogn og Fjordane teater
 Terje Gillshammer, Distriktsredaktør NRK Sogn og Fjordane
 Jenny Følling, fylkesordførar i Sogn og Fjordane
 Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane
 Ingebjørg Erikstad, ass. Fylkesdirektør Næring- og kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Referent: Kristin Rundsveen, rådgjevar til fylkesordføreren.

Arve Sandal er prosjektleiar i nynorsk avissenter, og har jobba ei tid med dette, og vore i kontakt med fleire.

Tema for møtet var moglegheit for oppretting av eit nynorsk mediehus i Førde med samlokalisering av NRK Sogn og Fjordane, Firda, Mediebruket, Nynorsk mediesenter, Nynorsk avissenter og andre mediebedrifter i Førde.

Korleis vi skal syte for at nordre del av det nye Vestlandfylket ha eit kraftfullt mediemiljø i framtida var eit hovudtema på møte. Nynorsken er viktig for Sogn og Fjordane, og her er det mogleg for oss å kunne ta ei aktiv rolle inn i ein ny region. Det vart påpeika på møtet at det er behov for ei konkretisering av planar med kostnadsoverslag om ein skal kunne gjere ei vurdering av vegen vidare. Primæransvaret for å ta saka vidare vil ligge på medie- og teatermiljøet i fylket, mens fylkeskommunen etter kvart bør vere med å vurdere dei initiativ som kjem.